



Arkitekt Rolv Eide AS  
Jørgen Stavseng  
Pb 325  
5343 STRAUME

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 14/4609 - 15/22834

Saksbehandlar:  
Tor Hegle  
Tor.Hegle@lindas.kommune.no

Dato:  
19.06.2015

## Tilbakemelding på lukking av tilsyn. Gbnr 188/704 Gjervik ytre

Eg takkar for din førespurnad om lukking av tilsyn mottatt her 09.06.2015.  
Du viser til ein epost til vår Siril Sylta av 17.06.2014., og med melding frå Ståle Eilertsen av 26.06.2014.

I brevet frå oss v/S.Sylta av 17.06.2014., er det bedt om avklaring på kva type pasientar som skal bruke bygget.

I svaret frå ansvarleg prosjekterande av 26.06.2014., går det fram at det har vore ein føresetnad med tiltaket at det ikkje skulle være sengeliggande pasientar i lokala, men pasientar som sjølv kan sikre seg via vanleg rømmingsveg/trapp – og – at tiltaket er utført i risikoklasse 6.

I samband med avklaringane har ansvarleg prosjekterande gjennom epost frå Cowi v/Ståle Eilertsen av 26.06.2014., avdekka 5 avvik. Eg forstår det ikkje slik at det er Kommunen som opna tilsyn i byggesaka.

Du opplyser at tiltakshavar no har retta avvika. Desse avvika må lukkast av ansvarleg prosjekterande og uavhengig kontrollerande. Etter byggeløyve av 01.07.2013, er det Skansen Consult AS (seinare Cowi) som er ansvarleg prosjekterande for brannkonsept, medan BrannCon AS har rolla som uavhengig kontroll.

Eg kan ikkje sjå at ferdigattest av 11.06.2014, er trekt. Den står fram til nokon klagar på at føresetnadene for ferdiattest ikkje er til stade, og vi må vurdere dette på nytt. Førespurnader knytt til anna eller endra bruk må avklarast med tiltakshavar. Bruksendring er søknadspliktig.

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:



**Kopi til:**

Knarvik Helsetun AS  
Cowi v/Ståle W.Eilertsen  
Branncon v/Leif M. Bærheim  
Lindås kommune v/Therese Braseth

Kvassnesvegen 48 5914  
Solheimsgaten 13 5892  
Øksnevad 4353  
Næringspark

ISDALSTØ  
BERGEN  
KLEPP STASJON

**Mottakarar:**

Arkitekt Rolv Eide AS  
Pb 325 5343

STRAUME